



Arne Bruknapp
Remmo 34
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3987 - 17/4552

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
15.02.2017

Løyve til dispensasjon og løyve til etablering av ny avkøyrsløp - gbnr 131/29 Remme

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar: Arne Bruknapp

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om ny avkøyrsløp til garasje.

Det vart søkt om garasje og avkøyrsløp til bustaden i 1982. Avkøyrsløp vart den gang ikkje utført i samsvar med løyve. Det er søkt om dispensasjon i frå avstandsgrensa mot offentleg veg og søkt om ny avkøyrsløp i samsvar med dagens krav.

Søknaden omfattar:

- Etablering av parkeringsplass
- Etablering av ny avkøyrsløp
- Gjenfylling av eksisterande tilkomstveg for bil til bustaden. Denne skal reduserast til gangveg
- Dispensasjon i frå LNF-føremålet

Det vert elles vist til søknad motteken 28.12.2016.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan for Alverstraumen er definert som LNF-føremål.

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå LNF-føremålet i kommunedelplanen for Alverstraumen.

Det er samstundes søkt dispensasjon i frå § 1-8 i plan- og bygningslova vedkomande byggjegrænse mot sjø.

Det er i kommunedelplanen lagt inn ei juridisk linje mot sjø. Tomta er ikkje i konflikt med denne, og

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



administrasjonen vurderer at det difor ikkje er naudsynt å søke dispensasjon i frå § 1-8 i plan- og bygningslova, herunder byggjeforbod langs sjø.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

på møte kom det fram att tidligere eigar Ulf Kuhle søknad om avkjørsel fra garasje ikkje er i henhold til godkjent løyve fra Komune 16.09.1982.

Ny eigar av Gnr 131 Bnr 29 Arne Bruknapp søker herved om disp. fra LNF og 100 metersbelte langs sjø.
Søker samstundes om ny avkjørsel, parkering og fri sikt ved utkjørsel, senking av areal, Terenget skal ikkje vera høgare en 0,5 meter.

vedlegg : Søknad Dispensasjon.
vedlegg : Søknad Avkjørsel.
vedlegg : Kart parkering fri sikt avkjørsel.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Kommunen legg til grunn at dette er eit tiltak som er etablert og at det no søkjast om ei mindre endring av tiltaket slik at det tilfredstiller dagens krav. Dette vil sikra ei betre handtering av parkeringsløyving og utkøyrsl e i frå tomta. Vi gjer merksem på at vedtaket vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 28.12.2016.

Avstand til offentleg veg er opplyst å vere 1,5 meter for garasje og 1,0 meter for mur. Vegstyresmakta har i vedtak datert 18.01.2017 gjeve dispensasjon for plasseringa av garasje og mur frå offentleg veg.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Avkjørsle til offentleg veg er godkjent av vegstyresmakta i kommunen i sak 17/1596 vedtak datert 18.01.2017. Vi gjer merksem på vilkår gjeve i dette løyve. Det er sett krav til siktsone når det gjeld plassering av avkjørsle. Ny avkjørsle skal i sin heilskap tilfredstille siktkrava.

Vidare syner vi til veg opp til huset. Denne skal fyllast igjen slik at den har ei maksbredde på 1,2 m.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser gangtilkomst, parkeringareal, garasjeplassering og avkjørsle.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING:

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føreseigna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Administrasjonen har særleg lagt vekt på at dette tiltaket var søkt om i 1982. Det er ikkje utført i samsvar med vedtaket, men når det gjeld de forholda LNF-formålet i kommunedelplanen skal verna, kan ein ikkje sjå at dette avviket utgjør ei større ulempe. Omsøkte parkeringsplass ligg på privat tomt som nyttast til bustadføremål. Bruken av tomte er difor ein heilt anna enn kva som ligg i LNF-formålet.

Det er administrasjonens vurdering at ein kan opne opp for å gje dispensasjon frå LNF-formålet i kommuneplanens arealdel for etablering av ny parkeringsplass og ny avkøyrsløp.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-formålet for etablering av ny avkøyrsløp og parkeringsplass.

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-2 I vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av avkøyrsløp og parkeringsplass på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 28.12.2016 og i samsvar med løyve om ny avkøyrsløp frå kommunal veg datert 18.01.17 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Bredde på tilkomstveg opp til bustaden skal reduserast til gangveg, med ei maksbredde på 1,2 meter.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/3987

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid, kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller delar av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal tiltakshavar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkøyrsløp.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arne Bruknaap

Remmo 34

5911

ALVERSUND